



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HVU) 3.3.2026 i Granvin

Tilstades

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar Torgeir Bu
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Simen Bergman
Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsmedlem Markus Elias Fosse
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsleiar Rannveig Oma Løyning
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsnestleiar Harald Solheim Eide
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Inga Hjeltnes
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Anna-Kristina Batta Solheim
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar Hilda Jordalen

Kontaktpersonar:

Ulvik herad	Jens Olav Holven, ordfører og rådsordfører i Hardanger
Voss herad	Eivind Lorentzen Djønne
Kvam herad	Heidi Fanebust
Hardangerrådet iks	Trude Lægneid Rinaldo

SAKLISTE: (Sakene vart gjennomgått i denne rekkefølga, ikkje kronologisk)

Møtet starta med ein presentasjonsrunde rundt bordet før me gjekk gjennom dei førebudde spørsmåla:

1. *Kva Forventningar har de som medlem i Hardanger og Voss ungdomsråd?*
2. *Har de saker de vil arbeida med dette året?*
3. *Dersom me hadde eit felles prosjekt, kva skulle det vera?*

Saker som fleire av råda ønskjer fokus på er:

- Betre busstilbod
- Ein stad dei kan vere saman utenom skulen
- Fleire uorganiserte aktivitetstilbod

Me la også til dette spørsmålet: “Kva ville du gjort om du var ordfører” ?

Igjen er svaret møteplassar og uorganisert aktivitetstilbod til dei unge. Fleire meiner også at det er feil å ta vekk tilbod til born og unge sjølv i økonomisk dårlege tider.

HU-sak 07/26 Nytt frå ungdomsråda

Til møtet hadde ungdommane også førebudd seg på desse spørsmåla:

- Kan de fortelja litt om dykkar eige ungdomsråd.
- Har de ein visjonen i rådet?
- Korleis vil de beskriva det å veksa opp i din kommune?
- Om de kunne endra på noko i dykkar kommune - kva skulle det vera?

Kvam

Dei har arbeida med budsjett og økonomi.

Arbeider opp mot fylke for å få fleire linjer på lokal vgs. og med sak til Statens vegvesen for tilbod om å ta førarprøve T (Dette kjem i saker som kjem til)

Ulvik

Arbeidd med budsjett, bussruter og alternative fritidsaktivitetar.

Visjonen er å få ungdom til å gjera ting på fritida si, og at Ulvik skal vera ein veldig kjekk og trygg stad å vaksa opp.

Dei ønskjer seg fleire fritidsaktivitetar.

Eidfjord

Rådet er valgt demokratisk.

Deira visjon er å skapa ein trygg plass for ungdom å vaksa opp i.

Mål å få fleire aktivitetmoglegheiter og gang- og sykkelveg mellom øvre til nedre Eidfjord.

Ullensvang

Har arbeidd med kommuneøkonomi.

Ullensvang er ein stor kommune og me bur spreidd. I rådet er det også stor spreining i alder på representantane, så dei representerar ungdommen godt.

Visjon er ønskje om å få ungdommen si stemma høyrte. Det er fint å vaksa opp i Ullensvang, men ønskjer å få fleire fritidsaktivitetar.

Voss:

Dei har arbeid med kommuneøkonomi og budsjett.

HU-sak 8/26 Saker som kjem til

Sak frå Kvam ungdomsråd: *“Uttale – førarprøve i førarkort klasse T (traktor) i Kvam herad”*

Vedtak:

HVU sluttar seg til framlagde forslag til uttale frå Kvam og sender den inn til Statens vegvesen frå Hardanger og Voss ungdomsråd.

Uttalen skal også sendast til Hardangerrådet.

Uttelen er gjengitt her:

Hardanger og Voss ungdomsråd ønskjer med denne uttalen å løfta fram behovet for at førarprøve i førarkort klasse T vert etablert som eit lokalt tilbod i Kvam herad. Hardanger er ein distrikts- og landbruksregion med store avstandar, spreidd busetnad og eit næringsliv som er avhengig av traktor som arbeidsreiskap. I dag må førarprøve kandidatar reisa ut av regionen for å gjennomføra prøva, noko som skaper unødige kostnader, fråvær og praktiske utfordringar som verkar avgrensande for mange.

Kvam herad er ein naturleg og fagleg godt eigna regional prøvestad. Heradet ligg sentralt i Hardanger og har eit variert og realistisk vegmiljø som gir gode rammer for vurdering av praktiske ferdigheiter. Det finst eigna areal for manøvrering og oppstilling, og Tuft Transportskole har allereie eit etablert opplæringstilbod i klasse T, noko som legg grunnlag for vidare utvikling av eit heilskapleg lokalt tilbod.

Statens vegvesen har eit viktig samfunnsoppdrag i å sikra likeverdige og tilgjengelege tenester i heile landet og å bidra til betre trafikktryggleik. Eit nært og tilgjengeleg prøvetilbod i Hardanger vil

støtta nullvisjonen, då fleire ulykker med traktor og landbruksreiskap kan knytast til mangelfull kompetanse. Når opplæring og prøve vert meir tilgjengeleg, aukar sjansen for at fleire gjennomfører på ein trygg og forsvarleg måte. Samstundes reduserer ei lokal ordning reisebehov, kostnader og fråvær, og gir meir føreseielege rammer for både ungdom, familiar og næringsliv.

På denne bakgrunnen ber Hardanger og Voss ungdomsråd om at Statens vegvesen snarast vurderer og etablerer eit fast eller periodisk tilbod for førarprøve i klasse T i Kvam herad, og at det vert teke initiativ til dialog med Kvam herad, Tuft Transportskole og andre relevante aktørar for å avklara praktiske og faglege rammer for gjennomføring. Dette vil gi regionen eit tilbod som er både nødvendig, forsvarleg og i tråd med nasjonale mål om likeverd og tryggleik i trafikken.

Med helsing Hardanger og Voss ungdomsråd

HU-sak 06/26 Hardanger og Voss ungdomsting 23.3.2026

Vedtak:

Oppgåvefordeling på Hardanger og Voss Ungdomsting:

- Alle råda førebur spørsmål til ordførarane og stiller minimum 1 spørsmål, gjerne fleire.
- Møteleiar: Den som vert vald til leiar på ekstra rådsmøte 10.3.2026
- Teknikar: Hallvard Valland Norheim
- Bli kjend: Rannveig Oma Løyning og Hilda Jordalen. Planlegg saman på førehand

Finansiering: Eigenandel på kr 450 pr deltakar vert dekkja av kvart av ungdomsråda.
Kr 450 pr deltakar vert dekkja av HVU.

HU-sak 05/26 Konstituering

Vedtak:

Konstituering vert utsett til eit eige digitalt møte 10.3.2026 kl 1700. Det er sendt ut kalenderinnkalling

Etter gjennomgang av vedtektene i møtet ønskjer rådsmedlemmane å sjå nærare på dei og koma attende til rådet med forslag om endring.

Vedtektene vert sendt ut til behandling med tilbakemelding til HVU sitt møte 15.4.2026

Ny leiar får i oppgåve å laga ei messangergruppe til rådet for betre kommunikasjon.

Kinsarvik, 3.3.2026

Halvard Valland Norheim
Konstituert møteleiar HVU

Trude Lægreid Rinaldo,
Sekretær